

# Søk om tilskot frå spelemidlar

23.10.2017

Av: Brit S. Myklebust

Publisert: 05.10.2017 14:34

Oppdatert: 06.10.2017 08:37

## Det er no tid for å søka om spelemidlar

Kulturdepartementet deler kvart år ut stonad frå spelemidlane til bygging av anlegg for idretts- og friluftsliv. Søknadsfrist er 30. oktober 2017

Ein kan søkja om tilskot til følgjande:

### Ordinære anlegg Nærmiljøanlegg

Stonaden er i hovudregel 1/3 av godkjend kostnad for dei fleste ordinære anlegga.

Kroner 50.000 er minste stonadssum. Nærmiljøanlegg kan få inntil 50% støtte, med ei øvre tilskotsgrense på kroner 300.000. Nedre tilskotsgrense er kroner 25.000.

Alle søknader skal no fremjast elektronisk, sjå nettsida [www.anleggsregisteret.no](http://www.anleggsregisteret.no).

Her finn de og føresegnene som gjeld. Før de legg inn søknader eller om de har spørsmål/treng meir informasjon ta kontakt på straumpost med: [sylve.rusten@stord.kommune.no](mailto:sylve.rusten@stord.kommune.no)

**NB!** Gjer merksam på at alle som alt har inne søknader òg må ta kontakt. Anlegg som er ferdige skal søkja med revidert rekneskap.

**Søknadsfrist for spelemidlar for år 2017 (tildeling 2018) er 30.10.17.**